



STORD KOMMUNALTEKNIKK
Postboks 304 (JE)
5402 Stord

Sakshandsamar:
Britt Solheim

Revidert inspeksjonsrapport - Stord kommune 18.08.2021

Kontrollnummer: 2021.160.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Roy-Sverre Amundsen
Arnstein Hetlesæter
Magnus Mjør
Øyvind Lothe
Katrine Andersen
Lovise Vestbøstad

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Sissel Storebø
Kaja Baukhol Olsen
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon med Stord kommune for avløpsanlegga i Stord tettstad den 18. august 2021. Vi har endra tidsfristen i punkt 3 og 4 for å sende opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland. Ny frist er 15. januar 2022. Det er gjort på førespurnad frå Stord kommune. Rapporten er endeleg.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 4 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Stord kommune stettar ikkje kravet i løyvet om primærreinsing
- Verknadsgrad til leidningsnett er ikkje dokumentert
- Reinsekrava er ikkje overhaldne for BOF₅ ved Skjersholmane reinseanlegg
- Rutinar for ytre miljø kan betrast

Merknader:

- Stord kommune kan betre eigarskapet sitt til tenester som blir utført av andre, som til dømes arbeid med måleprogram og oppfølging av analyseresultat og utsleppsmålingar

Britt Solheim
senioringeniør
Dokumentet er elektronisk godkjent

Sissel Storebø
seksjonsleiar

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: STORD KOMMUNALTEKNIKK	
Organisasjonsnr.: 874563412	Eigd av: 939866914
Bransjenr. (NACE-kode): 36.000 - Uttak fra kilde, rensing og distribusjon av vann	

Kontrollert eining

Namn: Avløpsanlegg i Stord tettstad	Anleggsnr.: 4614.0061.01
Kommune: Stord	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 29. februar 2016	Sist endra: 29. mars 2021

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for avløp i store tettstader i 2021. Inspeksjonen gjeld alle avløpsanlegg i Stord tettstad større enn 50 personekvivalentar, pe.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Organisering av avløp i kommunen
- Planar og styringsdokument
- Drift og vedlikehald
- Utsleppskontroll
- Overløp
- Risikovurdering
- Avvikshandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Stord kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Stord kommune innan **15. januar 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing om korleis merknaden er vurdert, eventuelt korleis han vil bli følgd opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Britt Solheim.

4. Pålegg om opplysningar

Stord kommune må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan 15. januar 2022:

- Utgreiing om tiltak som skal gjennomførast for å stette krav i løyvet av 29.02.2016
- Oppdatert godkjend framdriftsplan for å ferdigstille avløpsreinseanlegga Grunnavågen SA, Sæverhagen SA og Djupavikjo SA med tilhøyrande plan for tilkopling til anlegga

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast **3 dagar** etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 30. juni 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Stord kommune betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Stord kommune stettar ikkje kravet i løyvet om primærreinsing

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 14-17
- Utsleppsløyvet av 29. februar 2016
- Forureiningslova § 7

Kommentarar:

Stord kommune har ikkje oppnådd kravet om primærreinsing i Stord tettstad. Statsforvaltaren ga nytt løyve til Stord kommune den 29. februar 2016. Det blei gjort med bakgrunn i bindande framdriftsplanar for bygging av fire primærreinsanlegg godkjent av Stord kommunestyre.

Forureiningsforskrifta § 14-17 seier at ved utslepp til mindre følsamt område, kunne Statsforvaltaren utsette fristen for oppgradering gitt i første ledd bokstav b. Fristen var 31. desember 2008. Fristen kunne utsetjast, men ikkje lenger enn til 31. desember 2015.

Kommunen som forureinar har ei sjølvstendig tiltaksplikt etter forureiningslova § 7 til å rette opp i ulovlege tilhøve så snart som råd.

Avviket byggjer på følgjande:

Tre av dei fire avløpsreinsanlegga som skal byggjast i kommunen er framleis ikkje bygde.

Stord kommune har endra framdriftsplanane for bygging av nye anlegg fleire gonger, etter at utsleppsløyvet blei gitt i 2016. Gjeldande løyve er framleis gyldig, bortsett frå fristane som er gitt for oppgradering etter 2015.

Fram til Stord kommune har utbeta avløpstilhøva, er kommunen i brot med løyvet, forureiningsforskrifta og forureiningslova § 7, som viser til kommunens tiltaksplikt.

Avvik 2

Verknadsgraden til avløpsnettet er ikkje dokumentert

Avvik frå:

Utsleppsløyvet av 29. februar 2016, punkt 2.2.4

Kommentarar:

Verknadsgraden til avløpsnettet, det vil seie forholdet mellom mengde forureining som vert tilført anlegget og mengde som kjem fram til anlegget, skal dokumenterast. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap blir utrekna eller vurderte kvalitativt. Frist i løyvet for dokumentasjon av verknadsgraden var 31. desember 2017.

Avviket byggjer på følgjande:

Ved tilsynet blei det opplyst at Stord kommune ikkje hadde denne dokumentasjonen på plass.

Avvik 3

Reinsekrava er ikkje overhaldne for BOF_5 ved Skjersholmane reinseanlegg

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 14-2, § 14-11, § 14-12, § 14-13
- Utsleppskrav sett i løyve for Stord tettstad av 29. februar 2016 punkt 2.3
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentarar:

Reinsekravet for Stord tettstad er primærreinsing. BOF_5 - mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 20 % av den tilførte avløpsmengda til anlegget, eller ikkje overskride 40 mg O_2/l ved utslepp. Samstundes skal mengde suspendert stoff i avløpsvatnet reduserast med minst 50 % av tilført mengde, eller ikkje overstige 60 mg/l ved utslepp.

Avviket byggjer på følgjande:

Reinsekravet for suspendert stoff er overhalde i 2020. Eigenkontrollrapporteringa for 2020 viser at ved måling av biokjemisk oksygenforbruk, BOF_5 er 18 av 24 prøver godkjende for krav om reinseffekt. Når det er teke 24 prøvar kan tre prøver annullerast, jf. punkt 2.5.3 i løyvet. Prøvetakinga viser at seks prøver ikkje oppnår reinsekravet for BOF_5 . Fem av 24 prøver hadde utsleppskonsentrasjonar som var mindre enn 40 mg O_2/l . Reinsekrava for biokjemisk oksygenforbruk er ikkje overhaldne i 2020.

Avvik 4

Rutinar for ytre miljø kan betrast

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7
- Utsleppsløyve punkt 1.3, 7.2 , 14.1, 14.2 og 13

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta har krav om at verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge at krav fastsett i eller i medhald av helse,- miljø og tryggleikslovgjevningen blir overhaldne.

Verksemda skal ha skriftlege rutinar som viser at krav i løyve og lovverket blir etterlevd. Rutinar bør innehalde informasjon om kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltak og korleis tiltaka skal gjennomførast.

Avviket byggjer på følgjande:

Relevante rutinar mangla ved tilsynet:

- Rutine for varsling av akutt forureining
- Rutine for avviksbehandling
- Rutine for rapportering av overløpshendingar
- Rutine for eigenkontrollrapportering via Altinn
- Rutine for korleis overlevere informasjon om reinseffekt og analyseresultat innafor organisasjonen

Hendingar med tidlegare utslepp av forureinsa avløpsvatn i Sagvågen, var ikkje registrert som avvik i internkontrollen.

Det blei informert i tilsynet om at informasjon om at reinsekrava ikkje var overhaldne for Skjersholmane reinseanlegg, ikkje var gjort kjent for dei det var aktuelt for. Rutine for overføring av informasjon mangla i internkontrollen. Rutine for eigenkontrollrapportering mangla også. Tilbakemelding frå Statsforvaltaren på eigenkontrollrapporteringa og årsrapporteringa for avløpsanlegga, var ikkje levert vidare til aktuelle mottakarar i kommunen. Rutine på korleis informasjon skal overleverast mangla.

8. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Stord kommune kan betre eigarskapet sitt til tenester som blir utført av andre, som til dømes arbeid med måleprogram og oppfølging av analyseresultat for utsleppsmålingar.

Kommentarar:

Det er uklare ansvarsforhold i kommunen med tanke på kven som skal vurdere om krava i løyvet blir overhaldne. Vann Vest AS er akkreditert for prøvetakinga ved Skjersholmane RA.

Stord kommune har eige kontrahert personell som står for prøvetakinga. Vann Vest AS har utarbeidd måleprogram og årsrapport for anlegget. Kommunen sjølv er ansvarleg for at krava i løyvet blir oppnådde.

Stord kommune kan betre eigarskapet sitt til tenester som blir utført av andre, som til dømes arbeid med måleprogram og oppfølging av analyseresultat og utsleppsmålingar.

9. Andre forhold

Skjersholmane RA stod klart i 2017. Alt avløpsvatn frå industriområdet Heiane og Kårevik er tilkopla anlegget. Om lag 3500 pe er tilkopla, og anlegget er dimensjonert for 6800 pe. Silanlegget i Kårevik er bygd om til pumpestasjon.

Primærreinsing og fristar for å oppnå primærreinskravet

I brev 20. mai 2020 frå Miljødirektoratet om fristar for å oppnå primærreinsing, blir Statsforvaltaren bedd om å sørge for at kommunen gjer ei tiltaksvurdering for avløp omfatta av kapittel 14 i avløpsforskrifta, og at denne blir følgt opp.

Fristar for bygging av nye avløpsreisanlegg og infrastruktur blei gitt ut over 2015 i løyvet. Miljødirektoratet peikar på at frå 1. januar 2016 har ikkje Statsforvaltaren hatt grunnlag for å gje utsett frist for primærreinsing med heimel i § 14-17 andre ledd.

Fylkesmannen i Vestland sendte varsel om endring av løyvet for avløpsanlegg i Stord tettstad 2. juli 2020. Vi viste til at fristane, som er gitt i løyvet utover 31. desember 2015, ikkje er rettskraftige, fordi dei ikkje er i samsvar med fristane i forureiningsforskrifta. Kommunen må sende inn oppdatert framdriftsplan for oppfyljing av reinsekrava, jf. pålegg i punkt 4.

Statsforvaltaren skal endre utsleppsløyvet for Stord tettstad.

Før tilstrekkeleg oppsamlings- og reinseløysing er etablert i samsvar med krav i forskrifta, kan ikkje Miljødirektoratet sjå at det er grunnlag for å utvide utslepp av avløpsvatn i tettstaden, jf. brev av 5. mai 2020. Utbygging av nye bustad- eller hytteområde over 50 pe i tettstaden vil vere i strid med løyvet. Utbygging av nye bustadområde vil heller ikkje vere lov etter plan- og bygningslova § 27-2, så lenge avløpstilhøva ikkje er sikra og handtert i samsvar med forureiningslova.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova § 27-2 har krav om at:

«Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven».

Kommunen kan dermed ikkje kople til nye utslepp i tettstaden utan at avløpstilhøva er i samsvar med krav i utsleppsløyvet.

Ved utbygging innafor tettstaden, før dei nye avløpsreisanlegga er i drift, må nye midlertidige utslepp oppnå primærreinsing, før påslepp til eksisterande avløpsanlegg med tilstrekkeleg hydraulisk kapasitet.

I brev 18. august 2021 frå Miljødirektoratet til Statsforvaltaren i Agder, med svar på spørsmål om ulovlege forhold ved avløpsanlegg frå tettstadar, er det mellom anna vist til at ut frå omsynet til forureiningstilhøva, er det viktig at det blir iverksett tiltak for å rette opp i tilhøva og om nødvendig iverksette, midlertidige avbøtande tiltak. Kommunen som forureinar har ein sjølvstendig tiltaksplikt etter § 7 i forureiningslova til å rette opp i ulovlege forhold så snart som mogleg.

Kommunen kan gje eit rammeløyve og starte byggeprosessen før avløpsløyvinga er utbetra, dersom utbetring faktisk skjer og bygningane ikkje blir knytt til avløpsnettet før nettet har stor nok kapasitet. Dersom dei nye bygningane blir tatt i bruk før utbetringa har skjedd, vil det vere i strid med forureiningslova.

Dersom kommunen gjer løyve til eit enkelt hus med separat avløpsanlegg, som oppfyller kapittel 12 i forureiningsforskrifta, og dette ikkje fører til at meir septikslam blir tilført kommunen sitt anlegg, er ikkje det i strid med forureiningslova. Derimot vil det vere i strid med tilknytingsplikta etter plan- og bygningslova § 27-2 andre ledd, dersom kommunen gjev slike løyve til eigedommar som har plikt til tilknytning til offentleg nett.

Planar

Kommunen jobbar parallelt med å utbetre avløpsnettet samtidig med å byggje nye avløpsreinseanlegg. Når dei tre planlagde avløpsreinseanlegga står klare, vil alt avløpsvatn som skal overførast til anlegga bli overført i same periode.

Stord kommune vil ha kommunedelplan for overvatn på høyring i februar 2022 og reknar med å få planen vedtatt i kommunestyret sommaren 2022. Kommunen har meir enn 100 prosjekt som skal gjennomførast. Vatn og avløp vil bli prioritert fram til 2027.

Kommunen må overhalde krav i forskrifta og løyvet om å skaffe grunnlag for å berekne mengde utslepp som går ut via overløp. Overløp må sjåast på å som ein utsleppsanretning, og må reknast med i definisjonen av avløpsanlegg. Plassering av overløp bør vurderast på linje med andre utsleppspunkt.

Stord kommune skal gjennomføre ny resipientgransking i 2021 i resipientane for avløpsvatn.

På bakgrunn av avløpsmal frå Miljødirektoratet i 2016, for tettstader som er omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta, har Norsk Vann utarbeidd Rapport 227/2017. Rapporten inneheld ulike metodar for å rekne ut forureiningsutslepp frå leidningsnett og avløpsreinseanlegg, derunder leidningsnettets verknadsgrad.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren